

# KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND

sjurhabring@gmail.com

## Lys og mørker

Oslo Strykekvartett utforskar spenninga mellom dur og moll.

### CD



LUDWIG  
VAN BEET-  
HOVEN,  
FRANZ  
SCHUBERT:

**Minor Major**

OSLO STRYKEKVARTETT. 2L 2017

Tema for Oslo Strykekvartetts album er forholdet mellom dur og moll, dei to tonekjønna som i dag gjerne blir sett i samanheng med kjenslene «lystig og glad» (dur) og «trist og alvorsamt» (moll). At denne oppfatningen historisk sett er ei grov forenkling, greier kvartettens cellist Øystein Sonstad ut om i den grundige omslagsteksten.

### MØRK TID

Fyrste stykket på plata er Ludwig van Beethovens (1770–1827) Strykekvartett nr. 11, op. 95, som går i den tragiske tonearten f-moll. Stykket blei til kring 1811, som var ei mørk tid for komponisten. Han hadde nemleg bede om handa til to kvinner, som begge takka nei. Sjølv om han alltid hadde ynskt å stifta familie, blei det aldri noko av. Det hadde fleire grunnar: Som Wiens fremste musikkgeni hadde han til gjenge til byens finaste sosietet, men damene han møtte og fall for der, var som regel langt over hans stand – ekteskap mellom ein middelklassemann og ei adelsvinne ville blitt skandale i Wien den gongen. Dessutan var han tverr og uberekneleg. Var han i godlynne og sjarmerte folk i senk eine kvelden, kunne han ha svart-



Oslo Strykekvartett blei grunnlagd i 1991. Foto: Bo Mathisen

synet over seg neste kvelden og fornærma alt som kraup og gjekk. I tillegg var det dette med utsjänaden. Kroppsvask og hårstell brydde han seg lite med, og kjøpte han seg ei dyr og stilig drakt, noko han stundom gjorde, bar han henne kvar einaste dag til det berre var filler att.

### RETORISK OVERTYDING

Verket er eit av dei få som Beethoven sjølv gav tilnamn, nemleg *quartetto serioso*. Det syner ein uvanleg komprimert komposisjonsmåte, med tette harmoniar og intense melodiar som blir intensivert gjennom abrupte pausar. At Oslo Strykekvartett greier å hanskast med dei mange brå skifta mellom dystopi og glimt av solskin, merkar me i dei fyrste takane av fyrstesatsen *allegro con brio* («raskt og energisk»), for *unisono*-partia, der alle instrumenta spelar éin og same melodi, har eldhug og retning, og generalpausane, der alle

instrumenta teier, er utførte med retorisk overtyding.

### BIVRANDE AKKORDAR

Det andre stykket på plata er Franz Schuberts (1797–1828) Strykekvartett nr. 15 i G-dur, D 887, som er den siste strykekvartetten hans. Her er òg vekslinger mellom ljós og mørker, men Schubert tek seg meir tid enn Beethoven til å etablira stemmingane og variera dei musikalske temaata. Durpassasjen, som byrjar i takt 15 i opningssatsen *allegro molto moderato* («moderat raskt»), der fyrstefiolinen har melodi og resten av strykene bivar på linne akkordar, er noko av det vakraste og såreste eg kjenner frå Schuberts hand. Også her evnar Oslo Strykekvartett å fanga stemninga i dei ulike kjensleuttrykka.

### SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikar og fast musikkmedar i Dag og Tid.